



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011
0030 OSLO

PARTSBREV

Dykkar ref.

Vår ref.
14/1792-4/K2-G20, K3-&13//ÅSV

Stad/Dato:
13.02.2015

HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2014:12 - ÅPENT OG RETTFERDIG - PRIORITERINGER I HELSETJENESTEN

Me viser til Dykkar brev av 3. november 2014 vedkomande høyringsuttale til NOU 2014:12. Kommunestyret i Øygarden handsama saka 11. februar 2015 og gjorde følgjande vedtak:

Kommunestyret i Øygarden ser behovet for å gjera prioriteringar både i spesialist- og kommunehelsetenesta, og sluttar seg til dei innspel KS har gitt sitt i notat til kommunane:

- Demografiske endringar med fleire eldre, rask utvikling i medisinsk teknologi og folks auka forventningar til kva helsevesenet skal tilby, vil setja helsesektoren under konstant press framover. KS saknar tydelege drøftingar av prioriteringsdilemma i kommunale helse- og omsorgstenester
- Kommunal sektor står i små og store prioriteringsval kvar dag. Vala består ikkje nødvendigvis i å setja grenser på eit visst nivå, men å velja mellom likeverdige og heilt forskjellige føremål. Det kan vera nødvendig å kartleggja og å belysa prioriteringsutfordringane i kommunal sektor. Dette kan vera eit godt utgangspunkt for nasjonale diskusjonar om framtidens utfordringar, om muligheit og begrensingar i ressursar, om etiske dilemma og om rettigheter og plikter. Det kan også vera utgangspunkt til å drøfta kva den einskilde tilsette har behov for som hjelp til dei daglege prioriteringane
- KS ønskjer at det vert drøfta i kva grad samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta er nødvendig for å kunne prioritera rett for pasientar som skal tilbake til kommunale tiltak
- KS saknar nærare drøfting av forholdet mellom lokale og nasjonale prioriteringar og korleis lokaldemokrati og lokal myndigheit kan vera ein del av nasjonale prioriteringsspørsmål. Det kan t.d. vera vanskelege å prioritera mellom helsefaglege og leiingsfaglege prioriteringar, og kommunens begrensa faglege og økonomiske ressursar
- KS er opptatt av at beslutningar vert tatt nær innbyggjarane, at innbyggjarane kan få gode pasientforløp basert på fleksible og tilpassa tenester, og at statlege satsingar og lovverk understøttar likeverdige tenester gjennom den kommunale helse- og omsorgstenesta

- KS etterlyser ein grundigare gjennomgang av årsaksforholda for variasjon i henvisingspraksis og behovet for prioriteringsretteleiarar helsehjelp også utanfor sjukehusa, samt fastlegen sin rolle som portvakt for å sikra rettferdig og rasjonell ressursutnytting
- KS ønskjer ein diskusjon om det å definera 80 år som grense for «gode leveår» samtidig bidrar til ubevisste/indirekte nedprioriteringar av behov fil denne pasientgruppa
- KS etterlyser nærare utgreiing, vurdering og konkretisering av tilrådd verktøy/metodebruk
- Tilgjengelege helsetenester er eit etterspurt gode og ein viktig reiskap for prioritering. Merksemnda om ressurstilgang, inkludert årsverk, til helse- og omsorgssektoren må aukast
- I tillegg til analyser av helseøkonomi og statistikk kan betre innsikt vinnast ved å sjå på finansieringsordningane, og dei vridingseffektar desse kan ha i forhold til mål. KS etterlyser gode beslutningsgrunnlag for prioritetsval både politisk, fagleg og administrativt. KS ønskjer å diskutera kva som skal til for å styrka ansvarlege beslutningstakarar i prioriteringsspørsmål – både sentralt og lokalt

Venleg helsing
Øygarden kommune

Åse Vik
Kommunalsjef Helse- og omsorg

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur